

Johannes Nesse
Seimsstranda 483
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6139 - 21/48103

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
02.07.2021

Svar på spørsmål om etablering av jordtipp - gbnr 177/6 Neset

Syner til telefonsamtale og epost. Det er tale om ei mindre mengde jord som skal mellomlagrast å brukast til å fylla på enkelte plassar på bø og beite, noko som er fornuftig for å halda vedlike jordveien. Massane er kortreiste, og det er bra at dei kan brukast til jordforbetring i bygda.

Etter bakkeplaneringsforskrifta § 4.2 *Med bakkeplanering forstås arbeidet med å gjøre brattlendt eller kupert dyrkbart og tidligere dyrket areal skikket for maskinell jordbruksdrift. Det regnes som planering etter dette kapitlet når det forflyttes masse som berører et areal på minst 1,0 dekar.*

Slik me oppfattar saka er det her tale om mindre mengder og under 1 daa. Det er difor ikkje eit søknadspliktig tiltak. Me ber deg likevel vera merksam på at du er trygg på at det er reine massar som kjem, at dei vert lagra utan fare for utgliding eller avrenning til vassdrag, og at det ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminne eller naturverdiar. I følgje gardskart er det ikkje registrert slike i på området for mellomlagring.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Johannes Nesse

Seimsstranda 483

5912 SEIM